

Masfjorden kommune
Teknisk miljø og landbruk
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

31. januar 2022

Vår referanse
22010 – 4634_6_68

Dykkar referanse
22/66 – 22/514

Svar på førehandsvarsel om pålegg om å fjerne flytande naust

Viser til brev av 21.01.2022 med rett til å uttale seg innan 3 veker etter brevets dato.

Underskrivne har fått oppdrag med å ordne opp i eit forhold kommunen i brev av 21.01.2022 har varsla er ulovleg. Det er på gbnr. 6/68 plassert eit flytande naust som ikkje er godkjent av kommunen. Frist for fjerning er satt til 01.03.2022.

Tiltakshavar ynskjer å søkja løyve etter pbl § 20-1 om å leggja ut flytande naust permanent på gbnr. 6/68.

Tiltakshavar tykkjer det er urimeleg å måtta fjerne naustet som ligg der innan 01.03.2022 samtidig med at det vert arbeida med å få tiltaket godkjent.

For å få dette tiltaket godkjent må det i tillegg til byggesøknad til kommunen truleg også søkast dispensasjon frå gjeldande plan for området. Dette vil naturleg nok ta noko tid.

Tiltakshavar forventar å kunna få handsama naudsynste søknadar og eventuell godkjenning innan 15.05.2022 og søker da om utsett frist for fjerning av naustet til 31.05.2022.



Bjørn Rune Kvinge